

Seiridium sp.

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

E-post: venche.talgo@planteforsk.no

Samandrag

I Noreg vart soppen *Seiridium* funnen i 2002 på ein skadd tujahekk i Fredrikstad. Frå andre stader i verda er det kjent at denne soppen dannar kreftsår og fører til visning av nåler og skot.

Summary

Seiridium causes canker and dieback on a number of conifers worldwide. In Norway this fungus was identified in 2002 on *Thuja occidentalis*.

Vertplanter

Soppen *Seiridium* sp. vart funnen på ein prøve frå ein skadd tujahekk (*Thuja occidentalis* 'Falke') i Fredrikstad i juli 2002 (Fig. 1). Vi kjenner ikkje til at denne soppen er påvist tidlegare her i landet.

Det vart tatt ut nye prøvar av hekken i Fredrikstad seint på hausten i 2003 (midten av november). Hekken hadde då store skadar, men *Seiridium* vart ikkje påvist på ny. Det er vurdert eit nytt prøveuttak sommaren 2004. Ved det siste prøveuttaket vart det funne mykje *Pestalotiopsis* sp. og *Phomopsis* sp. Begge desse soppene er kjende skadegjerarar på tuja.

Seiridium er rapportert som skadegjerar frå alle verdsdelar utanom Afrika Artar innan slektene sypriss (*Cupressus*), *Chamaecyparis*, *Cryptomeria*, mammuttre (*Sequoia*), *Cupressocyparis*, furu (*Pinus*), einer (*Juniperus*) og tuja (*Thuja*) kan vera vertplanter.




Fig. 1 Sporar av *Seiridium* sp. frå skadd tujahekk i Fredrikstad (2002). Foto: E. Fløistad

Symptom og biologi

Seiridium cardinale er kjent for å føra til alvorleg visning av nåler og skot på kjempetuja (*Thuja plicata*) og sypriss (*Cupressus*) i områda langs vestkysten av Canada, og kreftsår på kystmammuttre (*Sequoia sempervirens*) på vestkysten av USA (nord for San Francisco). På kystmammuttre opptreer skadane flekkvis i bestanda, ofte der det er dårleg jord. Særleg i varme, tørre, sørvendte bakkar finn ein tre med daude greiner og toppar. Det er mest vanleg at små tre vert angrepne og då som regel på dei nedre greinene fyrst. På større tre dør toppane. På infiserte greiner vert barken litt innsokken, og det vert utflod av kvae.

På New Zealand er denne soppen eit stort problem på *Cupressus macrocarpa* (Fig. 2-4). Soppen er rapportert som problematisk på sypriss i varme, fuktige strok i Hellas, Italia, Jugoslavia, England og Sveits. I desse landa fører *Seiridium* til sakte, men progressiv tilbakedauiding av bark og skot. Arten *S. cardinale* har ført til store tap i syprissplantingar i Europa. Det er mogeleg at det norske klimaet ikkje er ideelt for denne soppen, men sidan soppen er påvist her til lands, bør ein vera merksam på den dersom ein finn kreftsår på tuja eller andre bartre. Sporane (konidiane) vert produserte i slimdråpar frå sporehus (acervuli) 5-8 veker etter at barken daudar. Sporane vert spreidde med vassdråpar over korte avstandar og med insekt over lengre avstandar. Ulike billeartar er vektor for soppen.

Frå utlandet vert det sagt at mindre tre som vert såra ved klypping, er mest utsette for *Seiridium*. Etter skjering av hekkar og ved barproduksjon, vert det mange

inngangsportar, som soppen kan infisera gjennom.

Tiltak

I 2000 vart det rapportert at sanitære tiltak som fjerning og destruering av infiserte greiner og sterkt infiserte tre, i tillegg til bruk av kjemiske middel, ikkje såg ut til å dempa *Seiridium*-epidemien i Europa. Dei beste resultatata var oppnådde ved resistensforedling. Frå 1990 har fire klonar av syress, som er resistente mot *Seiridium*-kreft, vore kommersielt tilgjengelege i Europa (patenterte).



Fig. 2. *Cupressus macrocarpa* som har vorte gul i baret på grunn av at greina er i ferd med å verta ringa av kreftsår etter angrep av *Seiridium*. New Zealand, februar 2003. Foto: V. Talgø



Fig. 3. *Cupressus macrocarpa* med sprokken bark på grunn av angrep av *Seiridium*. New Zealand, februar 2003. Foto: V. Talgø



Fig. 4. Under barksprekken på denne *Cupressus macrocarpa* var vevet misfarga og greina ringa på grunn av angrep av *Seiridium*. New Zealand, februar 2003. Foto: V. Talgø

Artikkelen er revidert 31.3.2006

Prosjektittel: Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

Finansiering: SND, NGF, eigeninnsats

Styringsgruppe:

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt

Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund

Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Det Norske Skogselskap

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt hausten 2004